



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Oslo, 13. desember 2008

**VEDK. HØYRING AV ENDRINGAR I FORSKRIFT SOM SETER OG
TILLEGGSJORD M.M. I STASTALLMENING**

Viser til høringsbrev datert 06.06.08 med vedlegg.

NFS har handsama forslag til endringar i forskrift om seter og tilleggsjord m.m i statsallmenning i møte 5. desember 08. NFS har sendt ut eit notat til fjellstyra som grunnlag for fjellstyra si handsaming av høringsframlegget. Fjellstyra har slutta seg til synspunkta NFS tok opp i notatet. NFS si høringsuttale bygger difor på ei grundig handsaming av høyringa hos fjellstyra. I den grad fjellstyra har avvikande syn på moment i høyringa i forhold til NFS sine synspunkt, vil dette bli nærare kommentert under det enkelte punktet i NFS si høringsuttale.

**NFS har følgjande syn på utkast til verneplan for Hallingskarvet:
Innleiande merknadar;**

Moment i samband med LMD sitt høringsforslag som NFS vil kommentere nærmare:

Tilleggsjord:

Departementet meiner at;

- 1) "Tilleggsjord er jord som blir nytta til produksjon av for som blir hausta og frakta bort frå arealet*
- 2) Forslaget frå fleirtalet i arbeidsgruppa om at tilleggsjord er ein bruksrett føreset etter departementet si vurdering ei lovendring.*
- 3) Ein slik eksklusiv rett til å disponere over eit avgrensa areal er historisk og juridisk sett ikkje ein bruksrett.*
- 4) Departementet sitt syn går fram av både lovtekstane og forarbeida til fjelloven. Departementet syner også til lovproposisjonen om allmenningslovene frå 1992 (Ot. prp. nr. 37 (1991-92) der det heilt utvitydig er sagt i kommentarane til den tilsvarande føreseigna for bygdeallmenningar":*

- 1) Tilleggsjord er jord som blir nytta til produksjon av for som blir hausta og frakta bort frå arealet*

LMD godkjenner at kulturbeite skal reknast som bruksrett. Dermed er deler av tilleggsjord-begrepet i fjellovas § 19 i realiteten akseptert som bruksrett. Om den bruksberettiga haustar slåtteng og/eller har dyra på setra om sommaren for å produsere mjølk/kjøtt der, eller om det hausta fôret frå tilleggsjorda køyrast heim frå allmenninga (sommars- eller vinterstid) og nyttast til å produsere den same mjølka/kjøttet på garden, vil det i alle høve vere bruk av allmenninga til det same formålet. Det er ikkje rimeleg at den same fysiske bruken (maskinell hausting av dyrka areal i statsallmenning) skal ha ulik status, avhengig av om haustinga skjer på seter eller tilleggsjord.

Dyrking av jord i fjellet utanom seterkvea var ikkje omhandla i Fjellova av 1920. Dyrkinga føregjekk difor i medhald av kontrakt med staten som grunneigar, og etter utvisning av vedkommande fjellstyre. Feste vart oppretta avgiftsfritt. Etter fjellova av 1920 skulle det altså ikkje betalast avgift for å kunne utøve dei bruksformane som var nødvendige for å oppfylle jordbrukets nye behov.

3) *Ein slik eksklusiv rett til å disponere over eit avgrensa areal er historisk og juridisk sett ikkje ein bruksrett*

Bygsling av parsellar til oppdyrking er ein bruksmåte som er like gamal som allmenningsretten sjølve, jf. NL 3-12-4. Fjellovkomiteen av 1912 var klar over den store betydningen fjellet hadde for jordbruket. I Ot. prp. 52 (1918) – Innstillinga til Fjellovkomiteen står det å lese om statens almenninger i Inderøen (side 31) at *”Hvad derimod angaar almenningernes værdi, da var man enige udi, at da invaernerne eller gaardbrukende i Sneaasens præstegjæld fra umindelige tider benytte jordveien, dels til seterboliger, dels til engslaater, hvilke begge dele ere dem saa aldeles nødvendige, at de hav del iden indtægt av deres gaarder, naar disse herligheder vare borte, og hvilke herligheder ogsaa væsentlig er taget hensyn til ved gaardenes skyldlægning, saavel ved den ældre som den nye matrikul; thi de fleste gaardmænd avle neppe mere end 1/3 part, ja endog ikke over ¼ part av det, de forbruke til deres kreatur, paa deres hjemjorder nede i bygden, det øvrige maa de samle udi almenningerne paa de deres gaarde tillagte fjeldslaatter.”*

”Den dag idag er fjeldbygderne i stor utstrækning henvist til at utnytte beite i de til bygderne hørende fjeldstrækninger, om de skal kunne bestaa som bebodde bygder, da befolkninga kun ved utnyttelse av fjeldets herligheder kan finde tilstrækkelig underhold, idet der ikke hjemme i bygden kan skaffes tilstrækkelig beite for besætningerne, og disse heller ikke vilde kunne vinterfores uten til det tilskud av for, som vindes paa seterløkker, fjeld- og myrslaatter, samt av mose paa moseflyerne”.

Fjellovkomiteen av 1912 sa vidare at *”Av hensyn til den viktige rolle som høydyrkingen på setrene hadde for vinterføringen, gikk Fjellovkomiteen inn for at det skulle kunne utvises grunn i statsallmenningene til utvidelse av seterkveene, og den kom med forslag til utførlige bestemmelser om felæger, om fjellslåtter, mose- og torvtak m.v”*. Fjellovkomiteens innstilling vedkommande allmenningsretten til jordbruk vart godteke av regjering og Storting utan større endringar, jf. td. s 14 i Innstilling om Lov om utnyttelse av rettigheter og herligheter i statsallmenningene (fjellogen).

I boka *”Rettigheter i utmark”* av Cæsilie Stang er det eit kapittel om skyldsetting av utmark som seier mykje om kor viktig hausting av fôr i fjellet var i tidlegare tider. *”I løpet av første halvdel av 1700-tallet ble det praksis å skyldsette og bygsle engslåtter og fjellslåtter i allmenningen av fogden. Engslåttene kunne være innhegnet, og høyet som ble slått her, skulle fraktes hjem til garden som fôremne til vinteren. Dette var en ”herlighet” som tillå garden, og som det skulle betales skatt av. I samme kategori kom seterløkkene hvor avlingen enten ble brukt som fôr på setra eller fraktet hjem til gards. Derfor ble seterløkkene skyldsatt, bygslet av fogden og betalt skatt av med basis i beregnet avling. Dette innebar ingen eiendomsrett. Skattlegging av fjellslåtter og utslåtter ble hopphevet ved en forordning 17. oktober 1839”*.

NOU 1985:32 Revisjon av allmenningslovgivningen inneheld også henvisning til at bygsling av parsellar til oppdyrking er ein bruksmåte som er like gamal som allmenningsretten sjølve.

LMD viser til at *"Som det fremgår av ordlyden i første og annet ledd er utvisning av dyrkjingsjord og kulturbeite noe som ikke kan kreves i kraft av bruksrett i allmenningen, men som det kan søkes om og hvor de nærmere vilkår fastsettes i avtale."* Også i samband med utvisning av seter har bruksberettiga ikkje krav på ei utvisning dersom vedkommande ikkje kan dokumentere eit behov. Det skal også vurderast om utvisinga er til ulempe for anna bruksutnytting. Kan bruksberettiga dokumentere eit behov, har vedkommande rett på tilgang til den ressursen det er tale om (td. utvisning av seter). Det er ingen tvil om at også utvisning av seter legg beslag på areal som ein eksklusiv rett til å disponere eit avgrensa areal for den bruksberettiga. NFS meiner at LMD sin argumentasjon på dette punktet bygger på feil grunnlag.

2) Forslaget frå fleirtalet i arbeidsgruppa om at tilleggsjord er ein bruksrett føreset etter departementet si vurdering ei lovendring

Aksept av tilleggsjord som bruksrett er etter NFS sitt syn heilt avgjerande for å få ei forståing for dynamikken i allmenningsretten. NFS meiner LMD tek feil når LMD meiner det må til ei lovendring for å anerkjenne tilleggsjord fullt ut som bruksrett. I Innst. O. nr. 39 (1974-75) s. 1 (landbrukskomiteen) er det understreka at reglane i den nye § 2, 1. ledd ikkje er "...så detaljerte at de vil virke utviklingshemmende. Av nye driftsformer kan nevnes opprettelse av fellesseter og dyrking av kulturbeite samt fulldyrking av arealer for gras- og høyproduksjon". På side 3 i innstillinga er det understreka at *"Hovedmotivet bak lovforslaget er å tilpasse reglene til dagens samfunnsforhold"*.

Fjellovkomiteen av 1965 har på s. 12 i innstillinga sagt at *"Uansett tidligere eller nåværende eiendomsrett bør forholdene legges slik til rett at former for bruksutøvelse som er eller holder på å bli foreldet, kan bli erstattet med bruksformer som er i samsvar med utviklinga"*. Vidare seier komiteen at "...hele den økonomiske avkastning av statsallmenningene (utenom skogen) må komme bygdene til gode. Det betyr at bygdens rettigheter etter gjeldende allmenningsrett opprettholdes, og det betyr at de tradisjonelle rettigheter vedkommende jordbruket må kunne utnyttes på andre måter enn tidligere".

I Ot. prp. nr 32 (1973-74) har departementet skreve følgjande om forståinga av innhaldet i ny § 2 i fjellova; *"Det er mogeleg at denne regelen går noko lenger i retning av fri bruksutnytting enn det som kan seiast å vera gjeldande rett i dag. Men det er i så fall ei utviding som det vanskeleg kan reisast innvendingar mot ut frå den samfunnsmessige funksjon allmenningsretten skal tene."*

Høgsterett har også sagt noko om innhaldet i bruksretten på statsallmenning; Rt. 1954 s. 534 (Setningen og Atnedalens statsallmenning). Høgsterett (einstemmig) har sagt at *"Som en alminnelig regel vil jeg anta at når en bygd er allmenningsberettiget, vil man ikke uten videre kunne begrense omfanget av retten til den bruk som lar seg dokumentere fra eldre tid. Det behov bruken skal dekke, vil stadig skifte, og nye veier og trafikkmidler vil naturligvis ikke bare gjøre gammel bruk mer utstrakt, men også føre til at det gjøres en annen og ny bruk av allmenningen"*.

Etter Fjellovas § 21 skal leigeinntektene frå bortleige av tilleggsjord til jordbrukar som ikkje har beiterett i statsallmenninga tilfalle fjellstyret. Bruksberettiga betalar ikkje leige for tilleggsjord. Dette er etter NFS mening eit klart uttrykk for at lovgjevar har meint at tilleggsjord skal reknast som ein bruksrett.

Etter NFS sitt syn har hovudmålet for lovgjevar med fjellova av 1975 vore å unngå ei sementering av bruksutnytting i allmenningane til berre å gjelde dei tradisjonelle bruksmåtene. NFS meiner difor at det ikkje kan vere tvil om at Fjellova av 1975 forutsetter ikkje berre ei endring av dei tradisjonelle bruksrettane, men også forutsetter ei utviding, dvs nye bruksmåtar. Tilleggsjord som bruksrett må akseptast av Staten.

- 4) *Departementet sitt syn går fram av både lovtekstane og forarbeida til fjelloven. Departementet syner også til lovproposisjonen om allmenningslovene frå 1992 (Ot. prp. nr. 37 (1991-92) der det heilt utvitydig er sagt i kommentarane til den tilsvarende føresejna for bygdeallmenningar”:*

NFS saknar at LMD gjer greie for kvar i lovtekstane og i lovproposisjonen om allmenningslovene LMD finn støtte for sitt syn. Det er for NFS ikkje mogeleg å sjå kvar i fjellova det skal vere mogeleg å finne støtte for at tilleggsjord ikkje er ein bruksrett.

Fjellovkomiteen av 1965 føreslo i si innstilling av desember 1969, at utvisning av seter og tilleggsjord skulle handsamast i ein felles bestemming i lovutkastet, og som ein bruksrett for jordbruket, jf. § 15, 1. ledd. Etter komiteen sitt forslag skulle fjellstyret ha ansvaret for utvisning både til seter og tilleggsjord, jf. forslaget § 15, 2. ledd. Komiteen begrunna dette synet med (s. 44 i Innstilling om Lov om utnyttelse av.....Fjellstyra sin kompetanse) at ”Utvisningen skjer mest praktisk ved et lokalt organ, og det er ingen prinsipiell forskjell på utvisning av setervoll og utvisning av tilleggsjord som ikke umiddelbart ligger inn til seterhusene”. ... ”For øvrig blir det departementet som stort sett skal disponere grunnen i almenningene, mens fjellstyrene skal administrere annen bruk og utnyttelse av almenningene og dessutan utvisning av grunn til jordbruksformål”.

Det var berre av praktiske omsyn frå departementet si side at fjellstyret fikk ansvaret for utvisning av seter (§ 18) og skogforvaltninga (som den gongen etter departementet sitt syn hadde betre fagleg og teknisk føresetnad for å forvalte desse oppgåvene) fikk ansvaret for utvisning av tilleggsjord (§ 19), jf. Ot.prp. nr. 32 (1973-74) side 29-30 og 45. Storting og departement gjekk inn for ei utviding av innhaldet i bruksretten ved handsaming av ny fjellov i 1974.

NFS meiner at LMD ikkje kan avvise at tilleggsjord er ein bruksrett med utgangspunkt ei slik forvaltningsmessig ordning i forhold til kven som har kompetanse til å utvise tilleggsjord. Vi viser i denne samanhengen til departementets synspunkt i felleskommentarane til §§ 18 og 19, jf. proposisjonen s. 45:

” Desse paragrafane kjem i staden for §15 i komitéutkastet. Som nemnt i dei allmenne merknadene side 30 har departementet kome til at utvisning av tilleggsjord til dyrking eller kulturbeite framleis bør liggje til departementet. Dette gjer at reglane om utvisning av seter og om utvisning av tilleggsjord helst bør skiljast i lova og kome som to særskilde paragrafar.

Departementet sluttar seg elles til det komitéen har sagt om at all jord som er skikka til jordbruksmessig utnytting bør kome jordbruksnæringa til gode. At sjølve utvisinga av praktiske grunnar vert lagt til eit statleg organ i staden for til fjellstyret, gjer ingen skilnad i det.”

LMD viser til eigne merknadar i Ot. prp. nr. 37 (1991-92) som grunnlag for at tilleggsjord ikkje er ein bruksrett på statsallmenning. I bygdeallmenningane er tilleggsjord ikkje rekna som ein bruksrett. Fjellova vart ikkje revidert i 1992, jf. proposisjonen pkt. 3.3 om val av lovteknisk løysing. Derimot har NOU 1985:32 Revisjon av allmenningslovgivningen ei

beskriving av bakgrunnen for formuleringa av dei enkelte paragrafane. På s. 64 står det å lese at *”Utvalet har i atskillig utstrekning brukt fjellovens kap. IX og X som mønster ved formuleringa av de enkelte paragrafer”* ((dvs kap. i Fjelleva om seter og tilleggsjord). I same NOU side 12 blir det også sagt at *”Det antas at alle de enkelte bruksrettighetene ikkje kan ansees som uttømmende oppregnet i lovverket, og for øvrig at de enkelte bruksrettigheters omfang ikkje er bestemt en gang for alle, men i en viss grad må følgje utviklinga elles”*.

Bygdeallmenningslovas § 6-10 er ein særbestemming som berre gjeld for bygdeallmenningane og kan ikkje takast til inntekt for at tilleggsjord ikkje kan reknast som bruksrett på statsallmenning. NFS meiner også det er lite relevant å samanlikne forholda kring tilleggsjord i bygdeallmenningar, jf. statsallmenningslovene av 1993 med tilleggsjord etter fjellova. Utgangspunktet i bygdeallmenningane blir heilt annleis når dei bruksberettiga har hand om alle ressursar, dvs at grunneigarretten ikkje er kløyvd. På statsallmenning er grunneigarretten lagt til Staten, noko som gjer at vurderingane kring kva som er bruksrett og kva som ligg til grunneigar er avgjerande for rammevilkåra dei bruksberettiga har og får på statsallmenning.

Som gjennomgangen under dette og tidlegare punkt viser er det ikkje på nokon måte klart korkje av lovtekstane (fjellev og statsallmenningslovene) eller Ot.prp. 37 (1991-92) at tilleggsjord ikkje fullt ut kan akseptast som ein bruksrett på statsallmenning.

NFS meiner det på bakgrunn av understrekingar i forarbeid både til fjellova og statsallmenningslovene at ei tolking av innhaldet i fjellovas § 2, ”rasjonell bruk i samsvar med tida og tilhøva” er et politisk spørsmål. Denne saka bør difor ikkje avgjerast av juristane i LMD. Spørsmålet burde tvert imot høve godt for ei avgjerd hos politisk leiing i LMD.

Andre moment kring diskusjonen om tilleggsjord er ein bruksrett:

LMD skriva at; *”Departementet er kjent med at fleire av organisasjonane (og SLF (NFS si utheving)) som deltok i arbeidsgruppa ser på rett til tilleggsjord som ei viktig prinsippsak når det gjeld forståinga av bruksrett. Spørsmålet om utvising av tilleggsjord er ein bruksrett eller ikkje spelar likevel i praksis lita rolle. Statskog SF tar i dag ikkje betalt for utvising av tilleggsjord, med mindre utvisinga fører til tapt skogproduksjon, og er ope for alle spørsmål om dette dersom vedkommande allmenning har tilstrekkeleg med eigna areal. Departementet legg til grunn at denne praksisen om ikkje å ta betalt for utvising blir ført vidare, og at dei som ønskjer å få utvist dyrkingsjord og kulturbeite til vanleg kan rekne med å få eigna areal utvist. I høyringsutkastet er det lagt opp til at det i framtida skal vere fjellstyret som utviser tilleggsjord. Mynde blir med dette flytta frå Statskog til fjellstyret. Eit siktemål er å gi større rom for lokale vurderingar og skjønn, og sikre ein praksis som opnar for at tilleggsjord blir stilt til rådvelde for dei som er interesserte”*.

Det er positivt at mynde til å utvise tilleggsjord blir overført frå Statskog til fjellstyra for å sikre rom for lokale vurderingar. Derimot er usikkerheita dei bruksberettiga må leve med i forhold til om det på sikt kan bli stilt krav om festeavgift uakseptabel. Statskog sin praksis i samband med tilleggsjord kan raskt bli endra med nye rammevilkår for Statskog. I arbeidsgruppa var det berre Statskog SF som ikkje aksepterar tilleggsjord som bruksrett. I tillegg kan det ha økonomiske konsekvensar for dei bruksberettiga korvidt tilleggsjord blir akseptert å vere ein bruksrett eller ikkje.

I fleirtalls-modellen til Samerettsutvalet II er tilleggsjord oppført/føreslått som bruksrett. For NFS er det ulogisk at tilleggsjord skal ha ulik status i Sør- og Midt-Norge, samanlikna med Nordland og Troms.

I Departementet strategi for næringsutvikling 2007-2009: "Ta landet i bruk" heiter det at *"Hovedmålet for Regjeringens landbrukspolitik er: "Ein landbruks- og matpolitikk som held ved lag eit levande landbruk over heile landet. Politikken skal gi grunnlag for auka verdiskaping og livskvalitet basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket og bygdene sine ressursar."*

NFS meiner det er svært urimeleg at det er Staten sjølv som er årsak til at allmennings-bygdene og organisasjonane deira heilt sidan 1990-tallet har brukt store ressursar og lang tid på å argumentere for at tilleggsjord er ein bruksrett i statsallmenning. Det burde vere sjølv sagt at Staten bidreg til å legge forholda til rette for å nå eiga målsetning i statsallmenningane, og at Staten aksepterar gjeldande allmenningsjuss.

Moglege økonomiske konsekvensar for dei bruksberettiga av at Staten ikkje vil akseptere tilleggsjord som ein bruksrett;

- Bruksberettiga får ikkje erstatning for skade på tilleggsjord etter forslag til ny naturskadelov (<http://www.slf.dep.no/iKnowBase/Content/8740/FERDIG%20UTREDNING%20NY%20NATURSKADELOVPDF%20070508.PDF>). Dette fordi utgangspunktet for å få erstatning er at tilleggsjord blir akseptert å vere ein bruksrett.
- Ved sal av statleg eigedom (t.d. forslag frå FRP og H) vil erstatning/salssum gå til grunneigar/grunneigarfond. Tilleggsjord kan bli omsetteleg.
- Mogeleg erstatning (ny naturmangfaldlov) ved innføring av arealvern vil gå til grunneigar/grunneigarfond
- Bruksberettiga vil oppleve usikkerheit om framtidige rammevilkår for si bruksutnytting på statsallmenning. Statskog tek i dag ikkje betalt for å vise ut tilleggsjord, men dette kan endrast med endra rammevilkår for Statskog SF. Statskog har ved fleire høve kravd avgift for tekniske innretningar knytt til tilleggsjord.

Vasskraft

"Forslaget frå fleirtalet knytt til utnytting av vasskraft føreset etter departementet si vurdering også ei lovendring. I fjellova av 1975, § 12, som omhandlar grunndisponerings-tiltak, blei det eksplisitt teke inn at tiltak – under dette tiltak som gjeld vassdrag - berre kan skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett. Rettstilstanden er at utnytting av vasskrafta i ein statsallmenning er ein ressurs som staten som grunneigar rår over. Den enkelte med bruksrett har ikkje nokon eksklusiv rett til å utnytte vasskraft. Tilsvarande gjeld i bygdeallmenningane der vasskrafta blir forvalta av allmenningsstyret på vegne av alle dei som har bruksrett. Departementet finn derfor ikkje å kunne legge til grunn at tiltak i vassdrag som til dømes kraftutbygging er ein bruksrett."

Vasskraft til drift av kverner, sagbruk og liknande har vore brukt av dei bruksberettiga i lange tider og har alltid vore sett på som ein bruksrett. Det har heller ikkje vore festeavgift på slike anlegg.

NFS har i samband med problemstillinga kring utnytting av vasskraft på statsallmenning teke utgangpunkt at bruk av vasskraft til produksjon av elektrisitet til bruk i samband med utøving av bruksrett er ein del av bruksretten. LMD opnar no for at utnytting av vasskraft i samband med drift av seter/setergrend er rasjonelt, og at det ikkje skal svarast avgift for mindre anlegg. Dersom det er knytt inntekter til slik utnytting skal det betalast ein konkret sum til grunneigaren. I Fron-dommen (Rt. 1963 s 1263) uttalte Høgsterett generelt om bruksrettens innhald (s. 1269) *”Det er på rene at bestemmelsen i NL 3-12-1 om at ”Saa skal Alminding være, saasom den haver været af gammel Tid” ikke er slik å forstå, at bruksutøvelsen med hensyn til arten og måten er begrenset til det som gjaldt i gammel tid. Heller ikke angir lovboken og fjelloven uttømmende hvilke beføyelser som tilkommer de bruksberettigede i en statsallmenning. De berettigede kan endre gamle bruksformer og oppta nye og dermed oppnå at almenningen blir utnyttet slik at den best mulig dekker de skiftene tiders aktuelle behov”*. Om utnytting av allmenningen til elektrisk kraft i jordbruksmessig samanheng vart det sagt følgjande; *”Som lagmannsretten legger jeg til grunn at rasjonelt drevet jordbruk forutsetter tilgang på en viss mengde elektrisk kraft, og at behov for slik kraft derfor med rette kan betegnes som et jordbruksbehov.”*

NFS og fjellstyra har aldri meint at større industri-liknande utbyggingar er ein del av bruksretten. Derimot meiner NFS at utnytting av vasskraft for å dekke det jordbruksmessige behovet ligg innanfor bruksretten, jf. Fron-dommen. Dette må også gjelde i samband med utnytting av vasskraft til straumforsyning på gardsbruk hos bruksberettiga. Arbeidsgruppa har tidlegare sagt at *”....” tida og tilhøva” betyr at den jordbrukstilknyttede bruksretten omfatter de tradisjonelle bruksformene, men også nye bruksformer som eiendommens jordbruksmessige behov og den til en hver tid aktuelle driftsmåte gjør naturlig”*.

NFS kan vere einig i at den enkelte med bruksrett ikkje har nokon eksklusiv rett til å utnytte vasskraft. Vasskrafta må sjåast på som eit fellesgode på linje med beiteretten og kome alle dei bruksberettiga til gode. Dette bør likevel ikkje vere til hinder for at det i enkelte tilfelle kan vere rasjonelt at ei seter eller ei setergrend får løyve til å utnytte nærliggande vassfall til produksjon av elektrisk kraft.

Ringebu og Øyer fjellstyre føreslår at: *I den grad det blir aktuelt, mener fjellstyre at bygging av småskala kraftverk for produksjon av strøm til seterdrift må være en del av bruksretten. Denne retten må være et tilbud til alle bruksberettigede, og ikke en eksklusiv rett til utvalgte. Alle i et område som har behov for kraft til seterdriften må kunne knytte seg til et anlegg, som en del av bruksretten.*

Gjetarbu, natthamning, utvising av areal til kultivering av beite og inngjerding m.m.

Inngjerding av beite for å førebyggje t.d. rovdyrskadar er etter departementet si vurdering ei form for grunndisponering som normalt vil krevje løyve frå m. a. Statskog som grunneigar. Statskog må leggje stor vekt på fjellstyret si tilråding og skal ikkje ta noka grunnavgift for slike løyve.

Mynde til å avgjere søknad om inngjerding av beite må takast av fjellstyret. LMD si henvisning til § 12 i fjellova er ikkje relevant. § 12 seier ikkje noko om at løyve til oppsetting av gjerde i samband med beitebruk er eit grunndisponeringstiltak. LMD har tidlegare definert grunndisponeringstiltak slik;

“Når det gjelder lovens § 12 om grunndisponeringstiltak ser Departementet det slik at virkeområdet for denne må avgrenses til grunndisponeringstiltak som bortfeste av tomter til

hytter, hoteller og andre bygninger, bortfeste av fallrettigheter, bruk av grunn til veier, kraft- og telefonlinjer, damanlegg o.s.v. - med andre ord tiltak som er knyttet til grunnen, men som ikke har den jordbruks- og bruksrettsmessige tilknytning som gjelder for tilleggsjord og beitekultivering”.

Bruk av gjerde for å regulere beitebruken, også i forhold til førebygging av rovviltsskadar, er eit nødvendig teknisk anlegg i samband med utøving av bruksrett, som har ei jordbruks- og bruksrettsmessig tilknytning. Mynde til å gje løyv til oppsetting av gjorde skal difor gjevast av fjellstyret.

Andre moment ved høyringa/Behov for nye punkt/paragrafar i retningslinjene til seterforskrifta:

NFS meiner det er behov for ein eigen paragraf i ny seterforskrift som gjev fjellstyra heimel til å krevje riving av t.d. ulovleg oppsette bygg. Oppføring av ulovlege bygg evt. endringar av bygg som ikkje er i råd med vedtak er vanskelege saker å handtere i etterkant. Her er fjellstyra i dag avhengig av at kommune el. Statskog tek tak i saka. Fjellstyra treng eigen heimel til å krevje riving av bygg som er endra eller oppført utan løyve. Øyer fjellstyre meiner at det også er behov for eigen straffebestemming ved bygging eller handling i strid med forskrift, vedtak el. bestemmingar.

Ny seterforskrift må gje landbruket nødvendig handlingsrom. NFS registrerar at Sametinget, Norske Reindriftssamers Landsforbund (NRL) og Reindriftsforvaltninga i Nord-Trøndelag er i mot at bla. tilleggsjord aksepterast som ein bruksrett. Store statsallmenningsareal i Oppland inngår t.d. ikkje i reinbeiteområde. Samtidig er seteraktiviteten på statsallmenningsareal i Oppland svært stor, med Vestre Slidre og Øystre Slidre kommune som dei to største seterkommunane i landet. Ei vidareutvikling av seteraktiviteten i bl.a. Oppland kan ikkje bli hindra av motstand mot ei vidareutvikling i reinbeiteområde. I den grad reindriffta oppfattar at utvising av tilleggsjord er problematisk i forhold til reindriffta sine interesser, må det innarbeidast reglar om konsultasjon i retningslinjene til forskrifta.

Eit anna forhold reindriffta er oppteken av; ”*snikbygging av fritidshus*”, kan hindrast ved å innføre ein straffebestemming i seterforskrifta for t.d. riving av ulovleg oppsette husvære som ikkje fyller det formålet det er søkt om. Det må samtidig i retningslinjene til seterforskrifta presiserast under bl.a. § 6 at seterbrukar med eksisterande seterutvisning, og som ønskjer å tilpasse seg nye rammevilkår, må legge fram nye planar for lokal landbruksmynde og fjellstyre. Dette for å sikre at fjellstyret kan vurdere om ny aktivitet kjem i konflikt med eksisterande aktivitetar og bruksrettar i statsallmenninga. NFS er einig med reindriffta og Snåsa fjellstyre om at det må vere krav om framlegging av dokumentasjon/driftsplan på behov ved utvisning av ny seter (§ 6).

NFS ber om at det i slutthandsaminga av endringsforslaget blir sikra at reindriftnærings rett på statsallmenning blir teke i vare.

Fjellstyra får tilført nye oppgåver i forslag til ny seterforskrift. Det må difor sytast for overføring av ressursar frå Grunneigarfondet/refusjonsmidlar til fjellstyra for å sikre at fjellstyra har ressursar til å gjennomføre ei god sakshandsaming.

Eit fjellstyre har anna syn enn NFS og fjellstyra elles på innhaldet i §§ 5, 20 og 25, og støttar LMD sitt forslag til innhald i desse paragrafane.

Kommentarar til dei enkelte paragrafane:

- § 5 Beiteareal, gjetarbu
”Statskog tek avgjerd om inngjerding av beiteareal”.
Inngjerding av beiteareal er ein nødvendig aktivitet for å kunne gjere bruk av allmenningsretten til beite. Mynde til å avgjere søknad om inngjerding av beite må takast av fjellstyret.
- § 6 vilkår for utvising av seter
NFS meiner det må vere rett å krevje dokumentasjon/driftsplan på behov ved utvisning av ny seter. I retningslinjene til § 6 er det viktig å tydeleggjere at bruksrettshavar som allereie har ei eksisterande seterutvisning må legge fram søknad for fjellstyret når vedkommande ønskjar å tilpasse seg ny praksis, jf. gjeldande seterforskrift frå 2007. Dette for å sikre at fjellstyret kan vurdere om ei slik tilpassing/ending av seteraktiviteten er til skade for anna bruksutnytting, herunder reindrifta.
- I § 9 må ein lempe på kravet for at setra skal kunne ha status å vere i bruk. Det må vere rom for å t.d. selje beite på rot på seterkvea. Dette kan vera like rasjonelt som å hauste setervollen ved slått, og det kan også vera like viktig for kulturlandskapet. Dette vil også avhjelpe problematikken kring nye driftsformer i landbruket, t.d. samdrifter.
Vågå, Lom og Finndalen fjellstyre meiner at; Ein må ta inn over seg at det er ei rask ending i strukturen på gardsbruk. Dette gjeld både med omsyn til endingar som inneber at gardsbruka er ein del av ei samdrift som er organisert på ulike måtar når det gjeld eigeoms- og brukstilhøve.
- § 11 om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje fallen i det fri
Etter § 11 skal fjellstyret og Statskog i fellesskap avgjere om seterbrukaren kan utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår.
NFS meiner at så lenge setra ikkje har falle i det fri, skal kompetansen til å avgjere slike søknadar ligge til fjellstyra.
- §§ 13 og 14 (seter fallen i det fri etter fjellova § 22)
Finndalen og Vågå fjellstyre har problem med å tolke praktiseringa i § 13 og § 14 når det gjeld utleige av bruksrett. Fjellstyra meiner det må bli gjeve meir utfyllande merknader vedkommande reglane i desse to paragrafane.
- § 20 om vilkår for utvising av tilleggsjord og sakshandsaming
NFS meiner at utvising av tilleggsjord til bruksberettiga er ein del av bruksretten. For tilleggsjord, meiner Finndalen og Vågå fjellstyret at det må kome betre fram reglane for bruk/ikkje bruk og prosedyre for frifall.
- § 21 leige av jord for jordbrukar utan beiterett
Det er ulogisk og uheldig for sakshandsaminga overfor ikkje-bruksberettiga at det i slike saker er Statskog som tek avgjerd. Saka bør som i forhold til bruksberettiga handsamast av fjellstyret.

Leige av jord for jordbrukar utan beiterett. Her bør det kome fram av forskrifta at leigeinntektene skal tilfalle fjellstyret, i samsvar med fjellovas § 21, tredje stykket.

- § 22 vederlag for utvisning av tilleggsjord

Det generelle prinsippet som gjeld for statsallmenningane er at staten ikkje skal føre allmenningsinntektene ut frå distrikta for å bruke desse til løysning av allmenne samfunnsoppgåver, jf. Ot.prp. nr. 32 (1973-74) s. 27. Dette prinsippet er ikkje gjort gjeldande for inntektene frå skogsdrifta i overskottsallmenningane, som derimot går direkte til Statsskog.

Etter forslag til ny ”seterforskrift” skal det ikkje betalast ”erstatning for tapt skogproduksjon” når seter og setervoll blir utvist i produktive barskogområde. Følgjeleg kan det heller ikkje vere rett å krevje dette i samband med utvisning av tilleggsjord for bruksberettiga. NFS meiner at det i samband med utvisning av tilleggsjord til bruksberettiga ikkje skal betalast vederlag (for tapt skogproduksjon) til Statskog i statsallmenning utan allmenningsfond.

- § 24 endring og ominnreiing av beståande hus

I tidlegare dialog med LMD blir det akseptert av hus som ikkje lenger er i bruk i samband med seteraktivitet like fullt er ein del av bruksretten. Det er difor ulogisk at det skal betalast avgift, ei avgift som Statskog fastsett. Vilkår for å ha uthusa ståande er at dei ikkje kan skiljast frå dei andre husa på setra. Denne type vilkår talar for at det ikkje skal opprettast ei særskild avtale om avgift.

Ålen fjellstyre har erfaring med at det må kunne skiljast mellom hus som har direkte tilknytning til gardens utnytting, og hus som ikkje har slik utnytting (t.d. bortleige til foreldre/søsken).

Finndalen og Vågå fjellstyre er einig i det NFS påpeikar vedkommande § 24.

Fjellstyra vil likevel påpeike at skal husa settast i stand for utleige, så høyrer saka under § 10. Fjellstyra har aldri akseptert at det kan krevjast avgift av hus på seter så lenge den ikkje har falle i det fri. Tidlegare seterforskrift var også slik utforma, sjå MA 33/83 § 25.

Oppsummering av NFS si uttale til forslag til ny ”seterforskrift”;

NFS er positiv til at nødvendige tekniske anlegg (gjødselkum, fellesfjøs, gjetarbu, natthamning, kulturbeite og inngjerding m.m) i høyringsforslaget til ”Forskrift om seter og tilleggsjord m.m i statsallmenning” blir akseptert å vere ein del av bruksretten. Mange av endringane vil sikre ei meir rasjonell utøving av bruksrett på statsallmenning, og ei meir logisk sakshandsaming ved at mynde blir føreslått flytta frå Statskog til fjellstyre. NFS meiner likevel at dette ikkje er tilstrekkeleg innrømming i forhold til faktisk bruk og fjellovas intensjonar om dynamikk i bruksutøvinga.

NFS ber om at tittelen på forskrifta endrast til ”Forskrift om ”jordbrukstilknytte bruksrettar”. Dette for å synleggjere at forskrifta omhandlar alle forhold kring jordbruk som blir utøvd på statsallmenning.

NFS ber i tillegg om at tilleggsjord aksepterast som bruksrett og at forskrifta justerast i tråd med dette (§ 20).

NFS meiner at småskala vasskraftutbygging i samband med tilgang på nødvendig straum for drift av seter/setergrend og gardsbruk må ligge til bruksretten (§ 25).

Løyve til oppføring av nødvendige gjerde for utnytting av beiteretten skal gjevast av fjellstyret (§ 5).

NFS meiner at fjellstyret åleine skal ha kompetanse til å avgjere om seterbrukaren kan utvide seterhusa eller setje opp nye seterhus etter § 11.

NFS meiner at fjellstyret åleine skal ha kompetanse til å avgjere om brukar utan beiterett skal få leige jord (§ 21).

NFS meiner at det ikkje kan krevjast særskild avgift for å ha uthus ståande (§ 24).

NFS ønskjar ein ny paragraf i seterforskrifta som gjev fjellstyra heimel til å krevje riving av t.d. ulovleg oppsette bygg.

Fjellstyra må få tilført ressursar i samband med overføring av nye oppgåver, på same måte som Statskog har brukt midlar frå Grunneigarfondet til å løyse ikkje-inntektsgjevande oppgåver på statsallmenning.

Med helsing
Norges Fjellstyresamband

Jan Borgnes
Dagleg leiar

Perly Berge (s)
Rådgjevar